

Isdal Skog- og Veglag Sa
c/o Hans Kristian Dolmen Isdal 85
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4758 - 22/10335

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
04.02.2022

Avslutta sak om mogleg ulovleg tilfelle - gbnr 185/1 Isdal

Saka gjeld

Bekymringsmelding om mogleg forureining av Langavatnet i forbindelse med pågående arbeid på gbnr 185/1 m.fl.

Konklusjon

Miljø og tilsynsavdelinga kan ikkje sjå at arbeidet med landbruksveg og skogdrift er ulovleg og avsluttar oppfølging av saka. Kommunen har vurdert at tilhøvet ikkje er eit brot på plan- og bygningslova. Vurderinga går fram av den vidare saksutgreiinga.

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Historikk

Det har over ein periode pågått arbeid på staden med etablering av landbruksveg i forbindelse med uttak av skog. Landbruksvegen er godkjent etablert som skogsveg av landbruksavdelinga i vedtak datert 28.03.19.

Nabo på gbnr 186/2 har ved fleire høve uttrykt uro over arbeidet og meiner det forårsaker forureining til Langavatnet med vidare avrenning til Litlavatnet. Kommunen har fått opplyst av nabo at drikkevatnet forsyner 3 bustader, driftbygg og mat produksjon.

Bekymringsmeldingane

Kommunen forstår det slik at saka dreier seg om to hovedbekymringar.

1. At massane som vert tilkjørt er forureina
2. At det pågåande arbeidet med skogsdrift forureiner vatnet

Synfaring

Kommunen ved representantar frå landbruk, miljøretta helsevern og miljø & tilsyn var på synfaring den 03.02.22. Til stades på synfaringa var også representant for tiltakshaver, utførande entreprenør og innmeldar av bekymringsmeldinga.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

I løpet av synfaringa fekk partane uttrykke sine vurderinger av det pågåande arbeidet. Tiltakshavar og entreprenør informerte om at status i prosjektet er at dei i denne omgang har avslutta vegbygging og hogst i området. Det som gjenstår er uttransportering av tømmer, eit arbeid som dei bereknar vil være ferdig om seinast to veker. Det gjenstår noko skog i området som etter planen skal takast ut nokre år fram i tid. Hoveddelen av vegsystem er bygd, men det må byggast noko meir når resterande skog skal takast ut.

Nabo informerte om utfordringer med at arbeidet som pågår fører til avrenning av ureint vatn til Langavatnet og vidare til Litlavatnet der han hentar opp drikkevatn. Han meiner at arbeidet må stoppast og at det må gjera tilkak som hindrar avrenning til vatnet og viser til ordlyden i vedtaket om at «ein vil likevel minna om merknaden frå Fylkesmannen om at ein må unngå avrenning frå jordmassar mot Langavatnet, når det vert arbeidt med vegen og hogst i området».

Nabo uttrykte at skogdrift og hogst er ein naturleg del av landbruksdrifta. Tiltakshavar og entreprenør var ikkje ueinig i at arbeidet på staden vil gi auka avrenning til vatnet og at det periodevis vil forekomme misfarga vatn. Kommunen forstår saka slik at det er usemjø mellom partane kva som er pårekneleg i forbindelse med arbeidet og korleis problemet skal løysast. Etter kva kommunen forstår er det også dialog mellom partane i forhold til avbøtande tiltak når arbeidet medfører at misfarga vatn renn ut i Langavatnet. Kommunen informerte samstundes med at vi ikkje tek stilling til noko som er av privatrettsleg karakter.

På synfaringsdagen var det nedbør, vått og moderat arbeid på staden. Det vart stadfesta at avrenning i forbindelse med arbeidet på staden vil gi misfarga avrenning til Langavatnet i perioder.

Vurdering av landbruksvedtaket

Landbruksavdelinga sitt vedtak er eit gyldig vedtak etter forvaltningslova. Vegen er lovleg etablert og nyttast i samsvar med føremålet.

Avdeling for miljø og tilsyn har bedt landbruksavdelinga om å redegjøre for ordlyden i vedtaket som gjeld avrenning til Langavatnet ettersom det ikkje er tvil om at tiltaket av naturlige årsaker vil gje avrenning til Langevatnet.

Følgjande uttale vart gitt 12.01.22:

Uttale angåande avrenning i forbindelse med Isdalvegen gbnr 185/1-7

Saka gjeld vedtak om løyve til mottak av jord for dekking av vegskrånningar. Nabo til Isdalsvegen har sin drikkevasskjelde i Langavatnet som ligg i nedslagsfeltet til Isdalsvegen. Ved løyve vart det presisert at grunneigar er ansvarleg for å unngå avrenning til Langavatnet og tilhøyrande tilførselsbekker. Eventuelt må avbøtande tiltak utførast.

Isdalsvegen vart bygd for å få tilgang til uttak av tømmer i området og det har føregått hogst i området sidan 2021. I januar 2022 vart det oppdaga avrenning av jordfarga vatn som rann ut i Langevatn frå ein bekk i sørrenden av vatnet. Tiltakshavar utførde avbøtande tiltak for å hindre vidare avrenning til vatnet når dette vart oppdaga. Det vart også tatt vassprøvar.

VURDERING

Avrenning av jordfarga vatn til Langavatnet fant sted etter ein periode med frost der bakken har fått tele og det sidan kom eit kraftig regnvær. Det er lite truleg at avrenninga skuldas etablering av vegen, men er heller truleg eit resultat av eksponert humusrik jord etter hogstarbeid. Ein slik naturleg avrenning i forbindelse med kraftig regnvær må kunne pårekna ved landbruks-/skogbruksdrift.

UTTALELSE:

Landbruksavdelinga meiner at påverking av opne vasskjelder ved hogstarbeid under våte forhold må kunne pårekna og at tiltakshavar har fulgt vedtaket ved å utføre avbøtande tiltak der det var mogleg.

Med bakgrunn i uttalen forstår miljø og tilsynsavdelinga saka slik at det ikkje er ulovleg at arbeidet medfører auka avrenning til Langavatnet.

Vurdering av forureining

Når det gjeld spørsmålet om avrenning til Langavatnet er forureining, er dette litt vanskeligare å vurdere. Det er ikkje tvil om at vatnet som renn ut i Langavatnet tidvis er misfarga.

Kommunen har etterspurt vannprøver både frå tiltakshaver og frå meldar om forureininga. Vi har ikkje motteke vannprøve frå innmeldar som viser kvaliteten på vatnet forut arbeida vart sett i gang. Når det gjeld vannprøve teken av tiltakshavar har denne liten verdi både fordi den er teken i overflata, men også fordi vi ikkje har noko samanligningsgrunnlag for resultatet. For å vurdere om vatnet er forureina og eventuelle årsaker til det, burde det ligge føre vannprøver før tiltaket vart satt igang og mens arbeid pågår. Ansvaret for dette er todelt ettersom drikkevassseigar er pliktig å ta vannprøver samt at tiltakshavar/utførande er ansvarleg for at arbeida ikkje medfører forureining.

Basert på den informasjonen vi har på noværande tidspunkt kan kommunen ikkje konkludere med at det er snakk om ulovleg forureining på staden. Misfarga vatn med jordpartiklar vil periodevis være pårekneleg i samband med den type arbeid som foregår på staden. Vi vurderer at tiltakshaver har gjort tilfredsstillande tiltak for å avgrense avrenninga mest mogleg og at det ikkje er grunnlag for å krevje ytterlegare tiltak så lenge det ikkje ligg føre dokumentasjon på forureining.

Tilførte steinmassar

Kommunen har ikkje grunnlag for å anta at tilkjørte massar er ureine. Det er rett som innmeldar seier at steinmassane kjem frå Knarvik. Det er imidlertid foretatt prøvetaking av massar før uttak av desse og utarbeida ein rapport for massane på staden. Rapporten er utført av uavhengig 3. part.

Tilråding

Ved framtidig arbeid bør det takast vannprøver før oppstart av arbeider på staden. Det bør takast vannprøver vekentlig i perioder når det pågår arbeid med hogst. Vannprøvene bør helst takast i etterkant av et regnfall og når avrenning fører til at det renn misfarga vatn ned i Langavatnet.

Når det gjeld vannprøver bør det takast ein råvannsprøve i nærleiken av inntakspunktet for drikkevatn på relevant dybde og ein drikkevannsprøve av vatnet frå springen, i tråd med retningslinjer i drikkevannsforkriften §19. Dersom dette gjerast kan ein avdekke om vatnet er forureinsa og om eksisterande reinsesystem fungerer.

Kommunen finn det ikkje naturleg å legge seg opp i ansvarsfordelinga av dei tilrådde tiltaka.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Svar på søknad om bygging av Isdalvegen gbnr 1851-7 (L)(569932)

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland
Vidar Ingebregtsen

Njøsavegen 2
Isdal 57

6863
5916

LEIKANGER
ISDALSTØ

Mottakarar:

Arild Aase
Isdal Skog- og Veglag Sa

ÅSE 35
c/o Hans Kristian Dolmen
Isdal 85

5916
5916

ISDALSTØ
ISDALSTØ